

**Retningslinjer og rammer  
for  
Regionalt brukarutval  
i  
Helse Vest**

Utkast 12.05.2010

# Innhold

<b>1</b>	<b><i>Innleiring</i></b>	<b>1</b>
<b>2</b>	<b><i>Formelle krav til regionalt brukarutval</i></b>	<b>1</b>
<b>3</b>	<b><i>Brukarmedverknad i drift, omstilling og prosjekt</i></b>	<b>1</b>
<b>4</b>	<b><i>Formål</i></b>	<b>2</b>
<b>5</b>	<b><i>Strategi</i></b>	<b>2</b>
<b>6</b>	<b><i>Arbeidsformer og oppgåver</i></b>	<b>2</b>
6.1	<b><i>Brukarmedverknad i plan-/utviklingsarbeid og prosjekt</i></b>	<b>2</b>
6.2	<b><i>Samarbeid med styret i Helse Vest</i></b>	<b>2</b>
6.3	<b><i>Møter i Regionalt brukarutval</i></b>	<b>3</b>
6.3.1	<b><i>Saker til Regionalt brukarutval</i></b>	<b>3</b>
6.3.2	<b><i>Oppfølging etter møte i Regionalt brukarutval</i></b>	<b>3</b>
6.3.3	<b><i>Årlege oppgåver</i></b>	<b>4</b>
6.4	<b><i>Årleg melding</i></b>	<b>4</b>
<b>7</b>	<b><i>Oppnemning og samansetjing av regionalt brukarutval</i></b>	<b>5</b>
<b>8</b>	<b><i>Økonomi</i></b>	<b>6</b>
8.1.1	<b><i>Budsjett</i></b>	<b>6</b>
8.1.2	<b><i>Godtgjersle for brukarmedverknad i Helse Vest RHF</i></b>	<b>6</b>
<b>9</b>	<b><i>Evaluering av arbeidet i Regionalt brukarutval og samarbeidet med Helse Vest RHF</i></b>	<b>6</b>

## **1 Innleiing**

Involvering og medverknad frå brukarane av tenesta er viktig for utvikling av tenestene. Det gjeld både i høve til den einskilde brukars møte med tenestene og gjennom plan- og utviklingsarbeid, jf m.a. HELSE 2020.

Ordninga med eit Regionalt brukarutval i Helse Vest RHF (RBU) blei etablert i 2002 med bakgrunn i nasjonale styringssignal, jf Styringsdokumentet til Helse Vest RHF 2002 pkt 3.1.

Brukarutvalet har frå 2002 vore ein aktiv medspelar i utvikling av tenestene i tråd med gjeldande lov- og myndigheitskrav og vedtak i styret i Helse Vest RHF.

Dette dokumentet gjer greie for mål, oppgåver og arbeidsformer i Regionalt brukarutval.

## **2 Formelle krav til regionalt brukarutval**

I lovgrunnlag, vedtekter og styringsdokument/oppdragdokument vert det sett krav om at det er etablert gode ordningar for brukarmedverknad.

I Lov om helseføretak vert brukarmedverknad omtala i § 35. Representantar for pasientar og brukarar skal bli høyrd i samband med utarbeiding av plan for verksemda.

I følgje § 14 i vedtekten for Helse Vest RHF skal styret gjennom eit fast samarbeid med brukarorganisasjonane sjå til at rettane og interessene for pasientar og pårørande vert ivaretakne. Styret skal sjå til at erfaringar, behovsvurderingar, prioriteringar og synspunkt frå pasientar og pårørande og deira organisasjonar skal ha ein sentral plass i arbeidet med planlegging og drift av verksemndene. Vidare skal det i oversendinga av årleg melding til Helse- og omsorgdepartementet gå fram at brukarutvalet har fått denne lagt fram før den vert sendt til departementet.

## **3 Brukarmedverknad i drift, omstilling og prosjekt**

Brukarane skal ha ein sentral plass i arbeidet med planlegging og drift av verksemndene. Helse Vest RHF vil legge til rette for permanent og kvalifisert brukarmedverknad. God samhandling med administrasjonen i Helse Vest og styret i Helse Vest er ein føresetnad, og det vert lagt til rette for at brukarutvalet skal kome med innspel i aktuelle styresaker og/eller at dei får anledning til å kome med uttale i aktuelle styresaker. Det er nødvendig at brukarrepresentantane deltek på samhandlingsarenaer, i omstillingsprosjekt som vedkjem etablering og endring av pasienttilbod og i alle saker om vedkjem universell tilgjenge og informasjon som er relatert til pasientane.

Brukarrepresentantane skal ha eit avklart tilhøve til eigen brukarerfaring og kvalifisere seg til å delta og bidra til endring gjennom planmessig kompetanseutvikling og systematisering av eigne og andre sine erfaringar. Det er samstundes nødvendig at helsepersonell, leiarar og administrasjon i helsetenesta kjener grunnlaget for brukarmedverknad og legg til rette for å nytte den omstillingskrafta og kompetansen som brukarane har.

Helse Vest RHF skal gjennom tilskot til brukarane sine organisasjonar bidra til å sikre kompetent og naudsynt brukarrepresentasjon.

## **4 Formål**

Brukarmedverknad er eit naudsynt verkemiddel for å sikre gode og likeverdige helsetenester til alle innbyggjarar, uavhengig av kjønn, alder, etnisitet, bustad og diagnose / nedsett funksjon. Samhandling med brukarrepresentantane skal i Helse Vest vere prega av likeverd. Med bakgrunn i myndigheitskrav og HELSE 2020 skal Regionalt brukarutval i Helse Vest RHF medverke til ei styrka helseteneste ved å:

- vere eit samarbeidsforum og rådgivande organ i spørsmål om tenesteutforming og gjennomføring av endringar
- gi innspel og anbefalingar i avgjerdss prosessar
- halde både styret i Helse Vest RHF og administrasjonen oppdaterte på behov hos brukarane

## **5 Strategi**

For å medverke til ei styrka helseteneste skal Regionalt brukarutval og brukarrepresentantar involverast og delta i ulike prosessar.

For å nå målet om å medverke til å styrke spesialisthelsetenesta skal Regionalt brukarutval:

- medverke i plan- og utviklingsprosessar
- fremje saker på vegne av brukargrupper
- halde seg orientert om fokusområde for brukarmedverknad på nasjonalt nivå
- vere eit samarbeidsforum for brukarutvala i helseføretaka og brukarorganisasjonane

## **6 Arbeidsformer og oppgåver**

Regionalt brukarutval har i hovudsak tre arbeidsformer: deltaking i plan-/utviklingsarbeid og prosjekt, regionale brukarutvalsmøte og møter/seminar med andre partar. I tillegg skal brukarutvalsmedlemmene ha høve til å delta på utvalde kurs og konferansar for å halde seg oppdaterte innan aktuelle felt. Jamleg skal det gjennomførast evaluering og dialog om utvikling av metodar i brukarmedverknad.

### **6.1 Brukarmedverknad i plan-/utviklingsarbeid og prosjekt**

Regionalt brukarutval skal delta i prosjekt og utviklingsarbeid som er relevant for brukarane. Regionalt brukarutval eller leiaren av Regionalt brukarutval vert kontakta når slike prosessar vert starta opp. Det er då venta at Regionalt brukarutval finn ein representant som er kvalifisert og har god kjennskap til denne delen av verksemda. Representanten involverer brukarutvalet og gjer brukarutvalet kjent med arbeidet/framgangen/avgjersler i møta i Regionalt brukarutval.

### **6.2 Samarbeid med styret i Helse Vest**

Det vert årleg arrangert fellesmøte med styret i Helse Vest RHF og Regionalt brukarutval. På desse fellesmøta skal det regionale føretak presentere seg sjølv og be Helse Vest RHF presentere aktuelle saker. I tillegg skal Helse Vest presentere saker som dei meiner at dei har ansvar for å klargjere for Regionalt brukarutval.

Leiaren av Regionalt brukarutval får innkalling til styremøta og vert invitert med på styreseminar.

Innspel og uttale til styressaker kan leggjast fram for styreleiar som i styremøtet kan be leiar for Regionalt brukarutval om å ta ordet. Elles kan Regionalt brukarutval leggje fram skrifteleg uttale (saksopplysingar/kommentarar til vedtakspunkt) som vert oversendt i forkant av styremøta.

## **6.3 Møter i Regionalt brukarutval**

Regionalt brukarutval gjennomfører 7- 9 møter i året. Det vert utarbeidd ein møtekalender som gjer det mogleg å gi innspel på styresaker i Helse Vest RHF. Det inneber at møta vert lagde etter at styresakene er sende ut og før styremøta vert haldne.

Møtekalender vert sett opp etter at møtekalender for styremøta i Helse Vest RHF er lagd. Brukarutvalet må særskild avklare med administrasjonen om når det er tenleg å legge møtet i februar for å få presentert utkast til årleg melding.

Møta vert leia av leiar i Regionalt brukarutval eller nestlearen. Helse Vest RHF sørger for sekretærfunksjonen. Ein representant frå leiinga deltek fast på møta i Regionalt brukarutval. Tilsette i administrasjonen kan delta for å orientere om saker eller når Regionalt brukarutval ber om å få ei utgreiing av ei bestemt sak.

Brukarutvalsrepresentantane får ein bestemt frist for å sende inn saker til møte i Regionalt brukarutval. Saksliste vert fastsett av leiaren (ev. nestleiar) som i samarbeid med sekretær for Regionalt brukarutval set denne saman og sender ut innkalling, ca 7 dagar før møtet. Innkallinga vert sendt elektronisk til medlemmene og varamedlemmene og i papirformat til dei som skal i møtet. Sakslista vert samstundes lagd ut på nettsida.

Forfall skal meldast så raskt som mogleg til leiar og sekretær som då vil ta kontakt med varamedlem.

### **6.3.1 Saker til Regionalt brukarutval**

Saker til Regionalt brukarutval kan initierast frå Helse Vest RHF, brukarutvala i helseføretaka, frå Regionalt brukarutval sjølv eller med innspel frå andre utanforståande. Regionalt brukarutval kan sjølv initiere saker, som for eksempel å:

- føreslå samarbeidstiltak, f.eks. for å betre samordning mellom nivåa i helsetenesta eller mellom helseføretaka
- føreslå informasjonstiltak
- arrangere brukarkonferanse i regionen
- Utarbeide forslag til saker som skal utgjera i Helse Vest RHF med utgangspunkt i saker som utvalet får inn frå brukarorganisasjonar, lokale brukarutval eller andre innspel
- drøfte planar og prioriteringar i det regionale helseføretaket
- medverke til brukarundersøkingar

Vidare er det faste saker på møta i Regionalt brukarutval, desse kan listast opp slik:

- Godkjenning av protokoll
- Godkjenning av innkalling og melding av eventuelsaker
- Orientering om deltaking i prosjekt
- Referat frå brukarutval i helseføretaka
- Gjennomgang av aktuelle styresaker
- Invitasjonar
- Orientering/brev til eller frå Regionalt brukarutval

### **6.3.2 Oppfølging etter møte i Regionalt brukarutval**

Sekretær for Regionalt brukarutval skriv utkast til protokoll så snart det let seg gjere og med frist innan ei veke. Utkastet vert etter at leiaren har sett gjennom dette sendt til medlemmene som får

1-2 døgn for å kome med ev. rettingar. Protokollen vert sendt til medlemmene, varamedlemmene og leiarane av dei lokale brukarutvala. Den vert òg lagd ut på nettet og lagt fram for styret i Helse Vest RHF under skriv og meldingar.

Brev som skal gå ut frå Regionalt brukarutval vert i hovudsak skrive av leiar/nestleiar av Regionalt brukarutval med hjelp frå sekretær i Regionalt brukarutval.

Innspel/uttale til stypesaker har leiar/nestleiar ansvar for å formulere. Sekretær for Regionalt brukarutval vil kunne være til hjelp i dette arbeidet.

### 6.3.3 Årlege oppgåver

Årlege oppgåver/tema for Regionalt brukarutval:

Desember/januar/februar	Utarbeide årleg melding for Regionalt brukarutval.
Desember/januar	Oppdragsdokumentet frå Helse- og omsorgsdepartementet og føretaksprotokollen.
Januar/februar	Gi innspel på årleg melding i Helse Vest RHF, sjå 6.6*.
Februar	Orientering frå fagavdelinga om tildeling til brukarorganisasjonar.
Februar/mars	Orientering om styringsdokumenta i Helse Vest RHF.
Våren	Presentasjon av prosjektporlefølje i Helse Vest RHF.
Våren	Arrangere årleg fellesmøte mellom Helse Vest RHF, brukarutvala i helsefretaka og Regionalt brukarutval. Be utvala om innspel til aktuelle tema.
September	Innspel om økonomisk støtte til brukarorganisasjonar (eks: skjemaet)
September/oktober	Utarbeide møteplan for neste år inkludert fellesmøte med dei lokale brukarutvala. Legge denne på nettet.
Årleg	Samarbeide/utveksle informasjon mellom dei andre regionale brukarutvala og delta med leiar og nestleiar i årlege kontaktmøte.
Årleg (Hausten)	Møte med ein representant i årleg møte i kontaktforum i Helse- og omsorgsdepartementet
Årleg	Vurdere revidering av prinsipp for tildeling av midlar til helsefremjande tiltak (til brukarorganisasjonane)
Årleg (Hausten)	Eigenevaluering

## 6.4 Årleg melding

Regionalt brukarutval kan gi innspel til årleg melding. Årleg melding skal vere styrehandsama og oversendt innan medio mars.

Regionalt brukarutval vil i sitt møte i februar få ei orientering om hovudlinjer og -bodskap i den årlege meldinga. Samstundes vil Regionalt brukarutval få lagt fram eit utkast som det då med nokså kort frist kan kome med innspel på.

I tillegg vil Regionalt brukarutval få oversendt den årlege meldinga så snart den ligg klar som stypesak og Regionalt brukarutval vil då ha 10-14 dagar på seg på å gi ei uttale som kan følgje den årlege meldinga til Helse- og omsorgsdepartementet. Denne uttala skal også liggje på bordet til styremøtet i Helse Vest RHF samstundes som den årlege meldinga vert styrebehandla.

Brukarutvalet utarbeider ei eiga årleg melding som skal liggje som vedlegg til årleg melding til Helse Vest RHF. Denne årlege meldinga skal følge med styrebehandlinga av årleg melding til Helse Vest RHF og må difor vere ferdigstilt ca. medio februar.

## **7 Oppnemning og samansetjing av regionalt brukarutval**

Regionalt brukarutval skal ha 9 medlemmer som vert oppnemnde for 2 år om gongen. Det er styret i Helse Vest RHF som oppnemner utvalet etter at innspel er fremja frå organisasjonane til administrasjonen i Helse Vest RHF. Det er ønskeleg med ein tenleg representasjon i Regionalt brukarutval.

*Funksjonshemmedes fellesorganisasjon (FFO) og Samarbeidsforumet for funksjonshemmedes organisasjoner (SAFO)* føreslår høvesvis 6 og 2 medlemmer kvar og *fylkeseldreråda* skal føreslå 1 medlem. Det skal også fremjast forslag om varamedlem. Organisasjonane skal føreslå ein breiast mogleg representasjon av medlemsgassen, slik at ulike pasientgrupper innan både somatikk, psykiatri og rus blir representerte. Dette inneber at både tradisjonelt svært synlege pasientgrupper og mindre synlege grupper pasientgrupper med ”ubestemte” lidingar, skal sikrast representasjon. Det same gjeld pasientgrupper som ikkje er i stand til å ta vare på eigne interesser, som f.eks. barn og grupper av eldre. Medlemmene skal vere geografisk jamt fordelt i regionen. Vidare skal det vere mest mulig lik fordeling mellom kvinner og menn. Det skal også vere ei rimeleg aldersdeling.

Brukarrepresentantane skal ha god brukarkompetanse. Det er då ein føresetnad at brukarrepresentantane har/tek på seg å vere kvalifiserte til å delta og bidra til endring gjennom planmessig kompetanseutvikling og systematisering av eigne og andre sine erfaringar. Nyoppretta regionale brukarutval vil få ei opplæring om spesialisthelsetenesta, Helse Vest RHF, føretaksmodellen, sentrale lover og myndighetskrav og arbeidsmåtar i denne verksemda.

Utvaket skal sjølv velje leiar og nestleiar.

Forespurnad til organisasjonane vert sende annakvart år medio mars med frist for å melde kandidatar medio mai. Det kan då utarbeidast styresak til styremøtet i Helse Vest RHF i juni. Oppnemninga gjeld då frå hausten det same året.

## **8 Økonomi**

### **8.1.1 Budsjett**

Budsjettet til brukarutvalet vert vedteke av styret for Helse Vest RHF i samband med årleg budsjettahandsaming. Beløpet skal dekke reise- og møtegodtgjering, kostnader i samband med fellesmøte og andre aktivitetar som seminar, kurs og liknande. Regionalt brukarutval skal sjå til at aktivitet og kostnader i utvalet er i tråd med budsjetttramme.

### **8.1.2 Godtgjersle for brukarmedverknad i Helse Vest RHF**

Det er Helse Vest som avgjer korleis brukarrepresentantar skal godtgjerast. Per 30.04.2010 vil godtgjeringa vere slik:

1. Leiar av Regionalt brukarutval vert godtgjort med 30 000 kroner i godtgjersle per år.
2. Nestleiar i Regionalt brukarutval vert godtgjort med 15 000 kroner i godtgjersle per år.
3. Den som representerer Regionalt brukarutval mottek 1500 kroner i godtgjersle per møte.
4. Leiar eller eitt anna brukarutvalsmedlem får reise- og kostgodtgjering for å delta på styremøta.
5. Brukarrepresentantar får godtgjort deltaking i plan-/utviklingsarbeid og prosjekt<sup>1</sup> med høvesvis 500 kroner per telefomøte og 1500 kroner for heildagsmøte.
6. Brukarrepresentantar får reise- og kostgodtgjering etter staten sine satsar.

## **9 Evaluering av arbeidet i Regionalt brukarutval og samarbeidet med Helse Vest RHF**

Evaluering av arbeidet i regionalt brukarutval skal gjerast med jamne mellomrom. Evaluering kan høvesvis verte gjort som eigenevaluering eller som ei ekstern evaluering.

---

<sup>1</sup> plan-/utviklingsarbeid og prosjekt skal budsjettere for brukarrepresentasjon inkl reisegodtgjering.